

STYREMØTE NBF SOGN OG FJORDANE 10.04.02 på SKEI HOTELL

Til stades: Asbjørn Feten, Dagfinn Lauritsen, Geir Engebretsen, Geir Angedal, Aud Marit Hage, Kai Lille-Homb, Arve B. Røneid (referent)

Referat frå førre møte godkjend, med unnatak av SAK 01-02: Kretspong 2-6-par, 2-1 osv.

Sak 09-02

Orientering frå leiar.

KM-mix og KM-par: Det vart referert til episodar på kvar av arrangementa.

Styret vil presisera følgjande: Turneringsleiing/appellutval har aller siste ord, og dersom ikkje dette vert godteke, kan folk visast ut. Dette må gjerast klart før turneringa startar.

Ingen skal tapa på at dei kjenner reglementet!

Klubbmeisterskap S&Fj: Alt i boks

Sonemeisterskap/KM par: Alt i boks

2.div. damer: Alt i boks

KM lag finale: Vert arrangert kommande helg. Vedtak: 12-spelskampar

Sak 10-02

Premiering KM-mix

For dårleg premiering? Premieringa vert regulert. Asbjørn får fullmakt til å ordna opp.

Sak 11-02

KM-par. Seine avbud.

Vedtak: Klubbane vert fakturert for seine avbud utan gode grunnar...

Sak 12-02

Knut Skorpen – turneringsleiarkurs i Trondheim

Styret går inn for å gje stønad til avgift og opphald etter rekning

Sak 13-02

Vedtektsendringar til krinstinget

Framlegg frå styret til endringar. Asbjørn rettar og sender ut før krinstinget. Arve skriv om vedtektene til ei brukande nynorsk språkdrakt.

Sak 14-02

Saker til krinstinget

Styret kjem med framlegg om godtgjersle til styre og utval på kr. 30 000

Sak 15-02

Økonomi

Kai informerte. Ryddig rekneskap i høve til dei siste åra...

Sak 16-02

Loen-turneringa. Ikkje noko nytt sidan sist. Innbyding er utsend.

Sak 17-02

Kort til dubleringsmaskin. Asbjørn jobbar med saka, og informerte om prisar m.m.

Arve B. Røneid